

RAPPORTERING - DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN 2015

Ref: 2014/19571 – 78 (tilsagnsbrev datert 05.11.2014)

Rekneskap I manns minne 2015

	Budsjett
Arr.planlegging	15 000
Kostnader rigging	20 000
Leige av lokal	5 000
Annonsering	5 000
Leige av lydteknikar	3 500
Mat	26 883
Honorar	27 500
Diverse utgifter	19 389
SUM	122 272

«I manns minne» blei arrangert i Bømlo kulturhus, den 29. oktober ilag med kulturhuset, eldrerådet og lag/organisasjonar. Arrangementet er etter kvart godt innarbeidd, og mange tok turen til kulturhuset denne dagen. På programmet stod:

- **Patina**

Me var så heldige å få danseframsyninga Patina frå Haugesund til «I manns minne» dette året. Patina er ei danseframsyning laga av den tidlegare teatersjefen på Carte Blanche, koreografen Arne Fagerholt. Han ville få eldre damer til å funkla i ei danseframsyning verda aldri før hadde sett. Resultatet blei ein kjempesukcess. Teatersjefen ved Haugesund Teater kjøpte rettane etter at Fagerholt og damene i den opphavlege framsyninga la skoene på hylla, og sette opp Patina med 30 damer i alderen 65 – 91 år, med premiere i Haugesund. Desse damene var etterpå rundt om fleire stader både i Rogaland og Hordaland, og altså på «I manns minne» dagane i Bømlo i oktober 2015.

- **Alf Jonassen**

Jonassen samla inn folketonar på 1990-talet, og samla desse i eit hefte kalla «Ro, ro relte». Desse er mykje brukt som undervisning i Bømlo skulen, og elles rundt om i kommunen. Jonassen song mange av desse folketonane i kulturhuset denne dagen.

- **Nils Kolle**

Nils Kolle, som er førsteamanuensis, historie ved universitetet i Bergen, fortalte om livet ved kysten og levevilkåra for fiskarbonden- og kvinne.

I tillegg hadde me allsong, og mat og kaffi. Det sosiale aspektet ved dette arrangementet er svært viktig, og for mange er dette det faste treffpunktet dei har kvart år.

Me hadde utover dette, fleire tilbod til institusjonane, både på dagtid og ettermiddagstid.

Med helsing
BØMLO KOMMUNE

Elisabeth Holme Grønnevik
Rådgjevar kultur og idrett